

315
KV/EIBJ

201400584-12

Til Norges vassdrags- og energidirektorat
NVE
Postboks 5091 Majorstuen

0301 Oslo

Aurland 12.02.2017

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget.

Eg har forstått det slik at enkeltpersonar kan fremje krav om revisjon dersom det vert peika på viktige allmenne interesser som tilseier at det bør gjerast endring i konsesjonen.

Eg vil med dette fremje krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for Aurlandsvassdraget. Eg heiter Sølvi Karlsen Høydal, og er fødd, oppvaksen og busett i Aurland.

I meir enn 30 år har eg med stor interesse fylgt med på tiltak, forskning, og utvikling av sjøaure- og laksebestandane i Aurlandsvassdraget, eg har lese dei fleste forskningsrapportane som ein finn om Aurlandsvassdraget. Fagkompetansen min er innanfor akvakultur, genetikk og kvalitetssikring.

Eg meiner at dersom ein vel rett strategi for kultivering så kan vassdraget produsere haustbart overskot. Eg kjem med kommentarar til noverande konsesjonspålegg og kva eg meiner som ikkje har fungert tilfredsstillande, vidare kjem eg med konkrete tiltak. Krava er nummerert, og under kravet har eg kome med grunngjeving for kravet, i tillegg til litt historikk.

Med venleg helsing

Sølvi Karlsen Høydal

Sølvi Karlsen Høydal

Ytstebøen 2

5745 Aurland

Gjeldande konsesjonsvilkår:

«sitat»

9a) Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av vedkommende departement:

1. å sette ut yngel og/eller settefisk. Vedkommende departement bestemmer også hvilke fiskearter og stammer som skal benyttes, samt tid og sted for usettingen og fiskens størrelse og kvalitet.
2. å bygge og drive stamfiskanlegg, - eller delta med andelsinnskudd i et større fellesanlegg for distriktet, samt bekoste fangst og nødvendig transport av stamfisk av laks og sjøaure i vassdraget eller i sjøen utenfor.
3. å bekoste fiskebiologiske undersøkelser innen reguleringsområdet.

«sitat slutt»

Konsesjonæren har sidan våren 1976 vore pålagt årleg å setje ut 2-årig laksesmolt og 2-årig sjøauresmolt. Frå 1976 til 1980 var det ein gradvis auke i utsetjingspålegget frå 6 000 laksesmolt og 18 000 sjøauresmolt i 1976, til 10 000 laksesmolt og 30 000 sjøauresmolt fom. 1980.

I regulerte vassdrag er pålegga gitt på grunn av at gyte- og produksjonsmuligheitene er redusert. Dette vil sei at elva produserer mindre smolt enn potencialet var før reguleringa, og dersom dette skal erstattas må utsetjing kompenseras med smoltutsetjingar.

KRAV NR. 1.

Konsesjonæren vert pålagd å plante ut 300 000 lakserogn, samt setje ut 10 000 kvalitets-laksesmolt og 10 000 kvalitets-sjøauresmolt årleg.

- All rogn og smolt som skal setjast ut i Aurlandsvassdraget skal vera av vassdragets eiga stamme.
- Konsesjonæren vert pålagd å kosta alle utgifter med fangst, transport, oppbevaring og stryking av stamfisk. Vidare utgifter med klekking og oppdrett av fisken som skal setjast ut, samt kostnadane med transport og arbeid ved utplanting av rogn og utsetjing av fisk.
- Konsesjonæren vert pålagd å syte for at det vert etablert ein genetisk profil for laks og sjøaure i Aurlandsvassdraget.
- Konsesjonæren pliktar å merke all rogn og smolt før utplanting/utsetjing.

Grunngjeving:

Det er viktig at konsesjonæren vert pålagd å setja ut kvalitetssmolt, som er produsert/oppdretta etter genbankprinsippet. Ved å kultivere rett så kan vassdraget produsera haustbart overskot av laks og sjøaure, samt auke det genetiske mangfaldet, og ikkje minst førebyggja ytterlegare hybridisering. Av same grunn er det viktig at konsesjonæren vert pålagd å plante ut lakserogn.

Det må vera eit krav om merking av rogn og utsett fisk/smolt, dette for å kunne gi tilstrekkeleg gjenkjenning på individ, familie eller populasjonsnivå.

Det må og vera eit krav om etablering av ein genetisk profil for laks og sjøaure i Aurlandsvassdraget. For å oppnå best muleg resultat så må tiltaka bestå av fleire tiltak samtidig, her kan nemnast utsetjingar, biotopjusteringar, habitatforbedringar og anna restaurering i vassdraget.

Historikk og litt om bakgrunnen for kravet:

Aurlandselvi er ei viktig elv for sjøaure og laks. Aurlandselvi er frå gammalt av kjent som ei av Europas beste sportsfiskeelvar. Sjøauren har vore attraktiv på grunn av størrelsen, det var ikkje uvanleg å få sjøaure på opp til 10-12 kg. Fangstane av sjøaure er i dag ein brøkdel av det dei var før kraftutbygginga. Ein kan nemna at året før utbygginga vart det teke 4.540 kg. sjøaure, og 820 kg. laks fordelt på 6 km. elv.

Gyte- og oppvekstområder og vassføring er endra etter reguleringa. Den viktige gyteplassen på utosen av Vassbygdvatnet eksistera ikkje lenger på grunn av oppdemming av vatnet etter at fiskesesongen er slutt.

Sjølv etter pålegg om utsetjing av smolt vart sett i verk, så har det vore dramatisk nedgang på laks- og sjøaurebestandane i Aurlandsvassdraget. I 1988 sette Aurland

kommune ned ein komité som skulle sjå på kva som kunne gjerast for å berga sjøaure- og laksebestandane. Det vart då kravd at konsesjonæren vart pålagd fiskebiologiske undersøkingar. Laksen vart totalfreda for fiske i 1989, og er framleis freda.

Dei siste åra har elveigarane frivillig innført «fang og slepp» i fiskesesongen, dette for å prøve auke sjøaurebestanden til eit bærekraftig nivå. Det er og innført kvoteregulert fiske, med 1 fisk pr. døgn pr. fisker, det vert sleppt ut att ca. 80 % av fangsten. Det har vore litt auke i sjøaurebestanden etter at desse tiltaka vert sett i verk, 2015 var eit år med fallande gytefisktal for sjøauren, tala for 2016 kjenner eg ikkje til!

KVA SOM IKKJE HAR FUNGERT OG IKKJE ER TILFREDSSTILLANDE VED NOVERANDE UTSETJINGSPÅLEGG:

I ulike forskings rapportar kan ein lese at på grunn av dei dårlege fysiske produksjonsbetingelsar i setjefiskanlegget til konsesjonæren så har det ikkje vore muleg å produsere smolt av ein slik kvalitet at den har hatt muligheit til å overleve i elv/sjø. Les ein Rådgivende Biologer as sin rapport nr. 450 så står det mykje om dette, ein kan og sjå bilder av korleis klekkerismolten såg ut. Forskarane skriv at dei fysiske produksjonsbetingelsane ved setjefiskanlegget til konsesjonæren var for dårleg til at det kunne produserast kvalitetssmolt. Karmiljøet var dårleg, det var alt for grunne kar med ei stor aluminiumsrist i botn av karet, fisken samla seg der og fekk store slitastar på bukfinnar og halefinnar. Vasskilda som vart nytta var grunnvatn, det var til tider for lite vatn og vasstemperaturen var for stabil med 5-7 grader det meste av året. Grunnvatnet hadde fallande temperatur om våren, noko som er motsett av dei naturlege temperatur-syklusane i elvane. Temperaturvariasjonar med stigande temperatur om våren er ein av hovudfaktorane til at fisken smoltifiserar seg.

I rapporten kan ein lese vidare at resultat frå sjøvasstestar og sjøvasstoleranse av molten viste at det ikkje var muleg å produsera ein god sjøvassklar smolt i anlegget i Aurland.

Mesteparten av molten som har vorte sett ut i Aurlandsvassdraget har mest truleg vore av ein så dårleg kvalitet at den ikkje har hatt muligheit å overleva etter at den vart sett ut. Konsesjonspålegget har mest truleg aldri vorte oppfylt, då kvaliteten på molten mest truleg har vore slik sidan 1976. Truleg har mesteparten av fisken som har vorte sett ut, ikkje overlevd sjøfasen. Utsetjingspålegget har ikkje vore tilfredstillande, og avvik frå det grunnlaget som var meint med pålegget, der smoltutsetjingane skulle kompensere for redusert gyte- og produksjonsmuligheit.

Rådgivende Biologer kom i sin rapport i år 2000 med konkrete forslag til endringar som kunne vera med og optimalisera dei fysiske installasjonane, slik at det kunne verta muleg å produsere smolt av god kvalitet.

I staden for å velja ein proaktiv tilnærming til problemstillingane så valde konsesjonæren ei styrt avvikling, og valde kun å satse på «sporadisk» rognplanting. Kva som var grunnen til at konsesjonæren avvikla utsetjing av smolt etter 2001 er for meg ukjent.

Konsesjonæren gjorde, etter mitt syn, aldri noko forsøk på å produsera kvalitetssmolt, det er viktig at dette vert utprøvd og at konsesjonæren vert pålagd dette. Ein veit at det i elvar der det er sett ut kvalitetssmolt, som ei tid før utsetting er føra med «antilusemiddel» har hatt veldig bra resultat. Forsking viser at klekkerismolten har

like god overleving , som villsmolten. Eg vil nemne Vossoprosjektet og smoltutsetjing frå klekkeriet i Lærdal som to vellukka forskingsprosjekt, som eg har god kjennskap til.

Setjefiskanlegget/stamfiskanlegget til konsesjonæren vart bygt om i 2014, med nye store fiskekar og UV-behandla elvevatn, produksjonsforholda er optimale for å produsere kvalitetssmolt. Det er viktig at Miljødirektoratet/Miljø og Klima avd. hjå Fylkesmannen følgjer opp konsesjonæren under heile produksjonsprosessen.

Hybridisering:

Etter mange år med svekka laksebestand i Aurlandsvassdraget så veit ein at hybridisering har vore eit aukande problem. Dette er ein alvorleg trussel for laksebestanden, for hybriden produserer avkom som konkurrera om mat og plass i elva utan at dei sjølv bidreg til auke i lakse- og aurebestanden. Dette kan bli dramatisk når laksebestanden allereie er så svekka som den er i Aurlandsvassdraget.

Det er like viktig at det er brei genetisk spreiding i populasjonen, som det er auke i tal gytefisk.

Det er sidan 1999 sporadisk samla inn lakseparr frå Aurlandsvassdraget, desse er føra opp til stamfisk i konsesjonæren sin »lokale genbank», augerogn er planta ut i vassdraget. Dette arbeidet må konsesjonæren verte pålagd å halde fram med, og det er viktig at det blir kravd kontinuitet i dette arbeidet. Og det er særskilt viktig at konsesjonæren vert pålagt å utføre arbeidet etter «genbankprinsippet».

KRAV NR. 2.

Konsesjonæren vert pålagt minstevassføring i Vassbygdelvi.

Historikk:

Utbygginga har ført til at Vassbygdelvi har mista nesten alle nedslagsfelta som ligg høgare enn 1000 meter over havet. Vatnet frå desse områda vert ført i tunnelsystem til kraftstasjonen i Aurland 1 og vidare til Vassbygdvatnet.

Grunngjeving for kravet:

Konsesjonæren er pr. dags dato ikkje pålagt minstevassføring i Vassbygdelvi. Etter at deler av Vassbygdelvi vart tørrlag for nokre år sidan, og det oppstod massiv fiskedød så har konsesjonæren «frivillig» sleppt vatn i Vassbygdelvi.

Frivillige tiltak representerer ein risikofylt løysning sidan dei ikkje er formalisert, og kan endrast ved f. eks. eigarskifte.

Så kravet er at konsesjonæren vert pålagt minstevassføring i Vassbygdelvi.

KRAV NR.3.

Konsesjonæren pliktar å koste fiskebiologiske undersøkingar innan reguleringsområde.

- **I tillegg pliktar konsesjonæren å dekke kostnadane med:**
- Biotopjusterende tiltak i Aurlandsvassdraget.
- Terskelbygging.
- Habitatforbetringar.
- Harving av elvebotn.
- Anna restaurering i Aurlandsvassdraget, som kan betra oppvekstvilkåra for laks og sjøaure.
- Å kosta sperregitter framom tunnelar, tappeluker og avløp frå kraftstasjonar.